

OPPMÅLT BÅT – PROSJEKT NR 6619

BÅT

Gavlabåt utan motor, brukt til landnotfiske i Botnefjorden.

TEIKNINGAR

6619-1 Langsskipssnitt og plan

6619-2 Snitt

6619-3 Profil

EIGARAR

Wilhelm Jøssang hadde denne båten i mange år og brukte den til fiske. Toralf Jøssang (bror) overtok båten etter Wilhelm, men båten vart lite brukt av Toralf. Son til Toralf, Terje, renoverte naustet på Jøssang i 2010 og ga då båten til museet. Etter oppmåling vart båten levert på miljøstasjonen i Nordmarka på Tau.

HOVEDDIMENSJONAR

- Største lengde: 5,280 m
- Største bredde: 1,880 m
- Største lengde i norske fot: 16fot og 10 tommar
- Lengde/breddeforhold: 2,81

BYGGJEÅR OG BÅTBYGGJAR

Båten er bygd av Aslak og Hans Notvik i 1920.

HISTORIE

Det er lite me kjenner til ut over at båten heile tida har høyrte til på Jøssang og vart brukt til fiske der.

TEKNISK SPESIFIKASJON

Båten er klinkerbygd med 5 bordgangar. Det er ei fast tofte og rommet aktanfor, (rorommet), er avgrensa av ein bete som stivar av båten tverrskips. Det er ei ekstra tofte og tollegangar i framskuten slik at ein kan ro her også. Aktanfor beten er det eit heilt band og eit halvband nær gavlen. Frå beten til gavlen er det ein platting som nota ligg på.

Båten er bygd av furu med eik i kjøll og stamnar. I framrommet er det eit halvband som også er av eik, det same gjeld bandet nær gavlen.

Det er brukt fabrikk laga varmforsinka saum i bordgangane og avstanden mellom saumane er 200 – 250 mm. Borda er festa til kjøll og stamnar med reksaum (båtspiker). I banda er det brukt trenaglar av furu med diameter 16 mm.

Båten er reparert ved at børe nr 2 (over kjølbordet) er skifta frå tofta til gavlen. Også vaterbordet på BB side er reparert.

Båten er i dårleg stand, nærmast gavlen er litt av kjølen rotta vekk og botnen er inntrykt i den aktarste delen. Beten er roten i den eine enden og båten har sege ut på midten. Den vart klemt saman med lasteband og retta opp med støtter og fekk då tilnærma rett form. På teikningane er båten vist slik ein antar den har vore som ny.

Båten er tjørebredd med tretjøre innvendig og utvendig over vasslina. Under vasslina er det raudt kobberstoff mens vaterbord og tofter er kvitmalte.

28.3.2011 Svein Langvik